



Styremøte Bø museum

Dag: Torsdag 25. januar 2024

Tid: kl.18.00

Stad: Polen

Til stades: Kristin Kleppen, Ingrid Smedstad, Kari Rast Monge, Olav Finstad, Kari Lønnestad, Ellen Schrupf (vara)

Frå drift: Bergit Li

Forfall: Jørn Berget

Sakliste

Sak 1/24 Godkjenning av innkalling og sakliste
Innkalling og sakliste godkjent

Sak 2/24 Godkjenning og oppfølging av referatet
Referatet godkjent. Kristin orienterte om kontakt med Christine Hermansen i fylkeskommunen ang nettverket Soga og situasjonen ved museet. Kan vera aktuelt å søke om lønsmidlar frå fylket til stilling dersom me kan organisere det som eit prosjekt.

Sak 3/24 Rekneskap 2023
Bergit orienterte. Det kan bli mindre endringar, endeleg godkjenning skjer på neste møte.

Sak 4/24 Forberede årsmøtet 21. mars
Bergit/Kristin utarbeider utkast til årsmelding, arbeidsgruppa set opp forslag til arbeidsplan. Desse, samt forslag til budsjett, sendast styret før neste styremøte. Bergit sender ut e-post til medlemene i midten av februar med varsel om årsmøte og frist for å sende inn saker 1. mars. Annonse i Bø blad 14. mars, melding på Facebook ca 18. mars. Underhaldning: Kari RM spør Gunleik Hynne om å ha eit innslag om jernbane, som er tema for sommarutstillinga, ca 15 min.

Vedtektene bør reviderast med tanke på museets relasjon til kommunen. Mykje er endra sidan dei blei utarbeidd. Kristin held kontakt med kommunen ang deira handsaming av budsjett og våre innspel til det. Dersom vi får ein tilsett ved museet, bør vedtektene også avspegle det, og dei bør seie noko om dagens relasjon til kommunen, som m.a eig grunnen på Oterholt. Ingrid som kommunens representant tar ein prat med Hilde Pedersen.

Sak 5/24 Organisasjonsplanen
Det er naturleg å gjennomgå organisasjonsplanen etter årsmøtet, men endringa som gjeld samlingsansvar bør gjerast nå. Finn har sagt frå seg ansvar for samlinga, men er villig til fortsatt å vera ein fagleg ressurs, f.eks ved inntak av gjenstandar.

Vedtak: Styret blir sett inn på plassen som samlingsansvarleg, mens Finn blir ståande under inntakskomite. Bergit sørger for korrigering.

Sak 6/24 Måling av Åheim og prosjekt gjerde mot elva
Me har to alternativ for måling: Jørn har kontakt med Landbrukstjenester Telemark, og Kristin har hatt kontakt med Marek, som skal kome med eit tilbod. Bergit har kontakta Hans Åsmund Saga om han kan ha prosjektleiaransvar for gjerdet. Han har ikke svart ennå. Aslak Gilde frå teknisk i kommunen vil kome og ta ei synfaring før arbeidet med gjerdet startar.

Sak 7/24 Samlingsansvar: Gåve frå Arve Egenæs
Museet har fått ei samling frå Arve Egenæs i 2023, ein del dokument og gjenstandar.
Vedtak: Olav Finstad og Tore Bjørn Pettersen sørger for nødvendige prosedyrer i samband med mottak.

Sak 8/24 Mottak og plassering av dressin til sommarutstillinga
Gunleik Hynne har kome med ein dressin som skal vera med på sommarutstillinga. Denne kan også bli på museet permanent dersom me ønsker det.
Vedtak: Styret går inn for at dressinen kan stå permanent.

Sak 9/24 Tilsetting
Spørsmålet om tilsetting er fortsatt ikkje endeleg avklart. Det har vore eit ønske å samarbeide med kommunen om ei slik stilling. Dersom museet skal fungere som arbeidsgjevar, er det viktig at ein set seg inn i regelverk og dei pliktene det medfører. Det kan vera aktuelt å lyse ut over sommaren.

Sak 10/24 Orienteringar

- Østerli: Bergit har hatt kontakt med den nye eigaren av Østerli, som museet leiger tomt av. Ho har vore innom på museet og fått orientering om avtaler mm. Ho er interessert i å kjøpe tunet tilbake. Dersom museet skulle gå inn for eit sal, vil tunet dermed kunne kome tilbake til garden som det høyrde til tidlegare. Styret bør vurdere spørsmålet om Østerli meir grundig, og ta stilling til eit eventuelt sal.
- Sommarvertar 2024: Guro og Bettina som var sommarvertar på museet i fjor, vil kome att i år.

Sak 11/24 Eventuelt
Neste styremøte: Onsdag 6. mars kl 18.00

Kl. 19.40 hadde Tore Bjørn Pettersen ei orientering om nettverket Soga. Spørsmålet om medlemskap vil kome opp på neste styremøte.

Ref. Kari